



**Breheimen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 10
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

Adresseliste

Saksbehandlar Stein Magne Grevrusten

Vår ref. 2025/5927-2 432.4

Dykkar ref.

Dato 16.09.2026

Høyring skjøtselsplan for Høyrokampen naturreservat - 2026.

Breheimen nasjonalparkstyre legg med dette ut «*Skjøtselsplan for Høyrokampen naturreservat i Lom kommune*» på høyring.

Frist for innspel er 1. november 2026.

Eventuelle innspel sendes Breheimen nasjonalparkstyre enten på e-post eller vanleg post.
Merk oversendinga med saksnummer 2025/5927.

E-post adresse:

sfinpost@statsforvalteren.no

Postboksadresse:

Breheimen nasjonalparkstyre
v/Statsforvalteren i Innlandet
Postboks 987
2604 Lillehammer

Bakgrunn

Breheimen nasjonalparkstyre har forvaltningsansvaret for Høyrokampen naturreservat og skal også sørge for at det blir utarbeidd ein skjøtselsplan for området. På oppdrag frå nasjonalparkstyret har Miljøfaglig Utredning AS utarbeidd eit utkast til skjøtselsplan, som no blir sendt på høyring. Føremålet med planen er å gje faglege råd om skjøtsel og andre nødvendige tiltak for å ta vare på og vidareutvikle dei biologiske verdiane i naturreservatet.

Nasjonalpark	Breheimen
Naturreservat	Høyrokampen
Landskapsvernområde	Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen



Kva ønskjer vi tilbakemelding på i høyringa?

Alle som har interesser knytte til Høyrokampen naturreservat er velkomne til å kome med innspel til skjøtselsplanen. Også andre som har merknader eller synspunkt på innhaldet i planen, blir oppmoda til å uttale seg.

Vi ønskjer særleg tilbakemeldingar på:

- dei tiltaka som er føreslegne i planen
- eventuelle faktafeil eller manglar i planen

Høyringsbrevet blir sendt til Lom kommune, Statskog, Lom fjellstyre og Bøvertjønningen hytteforeining. Høyringa vil i tillegg bli kunngjord i Fjuken og Gudbrandsdølen Dagningen (GD). Høyringsdokumenta kan gjerne vidareformidlast til andre som kan ha interesse av saka.

Høyringsdokumenta finn du her:

https://www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen/publikasjoner/hoyring-skjotselsplan-hoyrokampen-naturreservat?token=XSw-tu5uH_5aOqtTWB6RxQd8e5HOuurq&x-craft-preview=68fa609c36c615b919a514f9001901a75e3f90151a5e926be7a3335a46ab3a38eyqk_ojivar

Med helsing

Stein Grevrusten
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift